

Kontaktblad for
Nr. 51 Juni 2020

HJARTDAL HISTORIELAG

*Historielaget har nå registrert seg som mottakar av grasrotandel
frå Norsk Tipping. Vi oppfordrar medlemmar som tippar til å støtte
laget ved å registrere historielaget som mottakar!*

Arbeidet med
husmannsplass-
boka frå Tuddal
er godt igang

- Referat frå
årsmøtet 2020
- Ei god framtid for
Tuddal bygdetun



Husmannsstugo på Tuddal bygdetun er frå plassen Høgstrud under Nord-Bøen. Høgstrud skal ha vore den siste husmannsplassen i bygda.

Historielaget i ei koronatid

Samfunnet er endeleg i ferd med å vakne til liv att. Historielaget har også vore i ein meir eller mindre dvaletilstand dei siste månadane, som alt anna.

Vi klarte heldigvis å få gjennomført årsmøtet før koronaen slo til. Det er valgt eit nytt styre, denne gongen med to nye namn. Velkommen til Audun Darrud og Atle Våle! Audun erstattar mangeårig og trufast styremedlem Borghild Hovde Brennekåsa og Atle går inn som nytt varamedlem for æresmedlem Torkel Hytta. Borghild og Torkel vil bli savna stort i styret. Tusen takk til begge for lang og stor innsats så langt!

Det fyrste styremøtet etter årsmøtet er til vanleg eit konstitueringsmøte. Dette har vi ikkje fått gjort, men eg veit at det er greitt for både sekretær og kasserar å fortsette som før til vi kan få tatt dette opp.

Det forrige styret fekk også vedtatt ein omfattande vinter og vårplan før årsmøtet. Den er ikkje stort verdt nå, men vi fekk i alle fall avklart dette med dei faste onsdagskveldane våre. Desse går nå ut og erstattast av åpne historielagskveldar og faste arbeidsmøter i staden, når vi er tilbake til normalen att.

Om tida framover: Det vil ikkje bli avvikla vanlege styremøte, i alle fall ikkje før sommaren. Om det kjem opp saker som vi må ta stilling til, tar vi det på telefon. Elles kan det bli aktuelt å halde eit nettbasert styremøte før sommaren. Nettmøte blir mykje bruka i desse dagar.

Som sagt er vinter og vårplanen lite aktuell. Dei åpne historielagskveldane, dei faste arbeidsmøtene, foredragskvelden og møllearrangementet i Hjartdal er avlyst. Dette må tas seinare.

Vi legg oss på eit minimumsnivå og prioriterar å få gjennomført tre større ting dette året:

- Kontaktbladet med faktura for medlemskontingenten, og som du nå held i hendene, er nå sendt ut til alle medlemmene.

- Årbokkomiteen var godt i gang med den tiande årboka før koronaen. Innhaldslista er stort sett klar, sjølv om mykje arbeid står att. Men mykje av dette kan gjerast på telefonen og med nettmøte.

- Hjartdalskalenderen. Her kan også mykje gjerast på telefon og på nettet. Møta i kalendernemnda har til vanleg vore gjennomført på hausten, så da er det å håpe at koronaen har roa seg litt.

Det burde vel også vere muleg å få gjort noko med kulturminneplanen og det lokalhistoriske arkivet vårt. Det vil bli tatt kontakt med rådmannen om framdrift for kulturminneplanen. Her er som kjent historielaget tiltenkt ei rolle.

Arkivarbeidet burde også kunne haldast ved like på eit visst nivå. Det kan gjerast ved å gå saman to og to. Det skulle vere temmeleg koronafritt.

Det samme med registrering av kulturminne. Det kan vel også vere aktuelt med litt arbeid ute i marka

med dette vil eg kanskje tru.

Elles er Torkjell Tjønn og Audun Solberg godt i gang med boka om husmannsplassane i Tuddal. Dei vil gjerne ha innspel og kanskje spesielt bilde knytta til plassane.

Så er det berre å oppfordre alle til

å utnytte pandemien til å lese mykje av det vi elles ikkje får lest av lokalhistorie. Vi håper den gode utviklinga held fram utover våren og vi alle får ein god og varm sommar!

Svein Bakkalia

Snart husmannsplassbok også for Tuddal



*Frå Gras(tjønn)åsen, tidlegare husmannsplass under Nord-Bøen.
Bildet er frå Hjartdalskalenderen*

Hjartdal historielag er godt i gang med å lage husmannsbok for Tuddal. Boka blir laga tilsvarende husmannsboka for Sauland, som har blitt tatt godt imot.

I Tuddal har det vore om lag 90 husmannsplassar, og vi fortel om kvar plass og litt om personane som budde der. Vi prøver å få med godt bildestoff, og folk har vore svært hjelpsame med å låne bort bilde. Om nokon har bilde frå husmannsplassar eller personar som budde der, vil vi svært gjerne låne desse bilda, eller

de kan fotografere bilda eller skanne dei og sende bilda på e-post. Det er Torkjell Tjønn og Audun Solberg som arbeider med boka.

I Tuddal har det vore mange med kunstnarlege anlegg, det visste vi frå før, rosemålarar, spelemenn, songarar, treskjerarar mv. Men at det tidlegare var god kontakt med Vestlandet, er meir ukjent. Det vil stå meir om det i boka.

Også utvandringa til Amerika ser vi litt på. Boka blir lansert i 2021.



Referat frå årsmøte i Hjartdal historielag

på Sauland menighetshus, tysdag 25 februar 2020

Møtet vart halde på Menighetshuset i Sauland tysdag 25. februar klokka 18.30.

1. Åpning

Svein Bakkalia ønska 38 medlemmar velkommen.

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart einstemmig godkjende.

3. Valg av møteleiar og referent

Svein Bakkalia vart vald som møteleiar. Torgunn Opsal vart vald som referent.

4. Årsmelding 2019

Torgunn Opsal las opp årsmeldinga. Den vart einstemmig godkjend.

5. Rekneskap 2019

Torkild H Mosebø la fram rekneskap 2019. Laget har god økonomi og kasseraren fekk applaus for framifrå godt arbeid.

6. Budsjett 2020

Torkild H Mosebø la fram budsjett for 2020, som vart einstemmig godkjend.

7. Forslag til endring av vedtektene

Svein Bakkalia la fram styret sitt forslag til endringar av vedtektene:

Forslag 1: Styret foreslår flg. tillegg til paragraf 2 i vedtektene:

Æresmedlemmar har gratis medlemskap.

Grunngjeving: Æresmedlemmane har gjort ein sær stor innsats for historielaget og fortener gratis medlemskap.

Forslag 2: Styret foreslår flg tillegg til paragraf 5 i vedtektene:

Styret skal føre rekneskap med kalenderåret som rekneskapsperiode.

Laget kan drive med aktivitetar og prosjekt som kan gje laget rekneskapsmessige overskot. Desse overskota skal bli verande i laget, og gå tilbake til lagets føremål.

Grunngjeving: Denne formuleringa i vedtektene er eit krav for å vere registrert i Frivillighetsregisteret, som har blitt nødvendig for fortsatt å kunne få mva.kompensasjon frå staten, samt for å bli tatt opp som mottakar

av grasrotandel frå NorskTipping. Forslaget vart einstemmig godkjend. Da blir endringane slik:

Tillegg i § 2: *Æresmedlemmar har gratis medlemsskap.*

Tillegg i § 5: *Styret skal føre rekneskap med kalenderåret som rekneskapsperiode. Laget skal drive med aktivitetar og prosjekt som kan gje laget rekneskapsmessige overskot. Desse overskota skal bli verande i laget, og gå tilbake til lagets føremål.*

8. Valg

Tone Stuverud la fram forslag frå valgkomiteen:

Audun Solberg styremedlem, attvalg.

Gunvor Prestårhus styremedlem, attvalg.

Styremedlem Borgild Hovde

Brennekåsa og varamedlem

Torkel Hytta hadde begge fråsagt seg attvalg.

Forslag til nytt styremedlem Audun Darrud og nytt varamedlem Atle Våle.

Dag Krokaa medlem av valgkomiteen, attvalg.

Årsmøtet stemde over valgkomiteens innstilling. Komiteens forslag vart einstemmig godkjende.

Nye i styret blir: styremedlem Audun Darrud og varamedlem Atle Våle.

9. Avslutning

Borghild Hovde Brennekåsa og Torkel Hytta gjekk ut av styret. Svein Bakkalia takka begge for stor og god innsats for laget og overrakte ei blomsterhelsing til begge.

Så var det pause med kaffe, karbonadesmørbrød og bløtkake.

Etter pause var det foredrag med Trond Aasland. Temaet var «Nasjonsbyggaren i fotografi» pioneren Anders B. Wilse.

Forsamlinga fekk eit interessant møte med fortida gjennom ord og bilete.

Svein Bakkalia takka Trond Aasland og overrakte blomster frå laget.

Etter det takka Svein Bakkalia for oppmøtet og ynskte alle vel heim.



I tillegg til Trond Aasland blei det også gjort ære på Borghild Hovde Brennekåsa og Torkel Hytta etter langvarig styrearbeid.

Ei god framtid for Tuddal bygdetun

Kommunestyremøtet 11.12.2019 vedtok løyvingar i sitt budsjett for 2020-2023 som sikrar Tuddal bygdetun for framtida. Den fagleg tunge og ressurssterke paraplyorganisasjonen Norsk Industriarbeidermuseum (NIA) overtar nå drifta av bygdetunet i Tuddal.

Historielaget har saman med Tuddal museumslag engasjert seg for å få til dette i møter, avisinnlegg og innspel til formannskap og kommunestyre. Tuddal museumslag ser det som viktig å vere meir synleg for å vere interessant for publikum. Det er krevjande for eit lite friviljug lag å utføre dei oppgåvene som må vere på plass for å klare dette.

Museumslaget vil sjølvagt fortsatt ha ei viktig oppgåve som formell eigar og lokal drivar av bygdetunet i eit samarbeid med NIA.

Bygdetunet i Tuddal, som blei bygd opp med tusenvis av dugnadstimar frå flittige bygdefolk, vil nå bli tatt godt vare på. Vi vil markere denne gode hendinga og samtidig ære dei som starta det heile. Forfattaren Olav J. Rui har skrive om dette i Soge omkring Tuddal bygdetun, boka som blei gjeve ut av museumslaget i 1978. Her er eit lite utdrag:

Uptaket til Tuddal Museumslag vart gjort på møte på Tuddal Turistheim søndag 3. juni 1951. Det var John J. Tjønn som slo den fyrste gneisten. Motivet var eit vaknande krav millom bygdefolk om å berge det som att var av det som hørde den gamle tida til. – Eller som Tjønn hadde skrivi: «Skal me i Tuddal redde noko av gamle saker og ting som er att må me nytte tida – det er vel seint når resten av våre antikvitetar og gamle ting har fare or bygda».

Det vart på møtet valdt eit førebels styre som hadde denne samansetnad:

John J. Tjønn, Gunhild T. Solheim, Margit Tjønn (Vaale), Øystein Reisjå, Olav H. Flugon. Varamenn: Jon O. Hovde, Kjetil G. Solheim, Hans Bondal.

Og målet var å få reist eit bygdetun i Tuddal, med gardshus som det var

gjørleg få tak i av den gamle busetnaden kring i bygda, og som var i nokorlunne brukbar stand.

Staden for dette var som før nemnt Hagen, som synte seg å vere sers skikka til eit slikt formål.

(...)

Den 30/6-56 fekk Hjartdal kommune skøyte på Hagen, gnr. 97, bnr. 11, underskrive av hjemmelsmannen Hans E. Lia, Aslaug Lia, med tilråding om å ha det til bygdetun. Pris 7500,-. «Ervervelsen uten hinder av odelsrett».

– Og så kunne Tuddal Museumslag seie med Tore Ørjasæter: – Me bur på tuftom trygt.

Dei sa det so ofte dei gamle: – Det er ikkje morospel å hyse upp ein gard. Det har Tuddal Museumslag ogso fenge erfare i dei fem og tjuge år det har vore til. Vel er det so at i dette høvet stod husa ferdige til

flytting – imot når ein skulle ta verket utor skogen, med alt det slit ved å gjere det ferdig til bygging.

– Og likevel når ein tenker på det alt – riving, sortering, framkøyning ofte langvegs i frå – og so tomting, uppattsetting og innskifting av nytt, finn ein at dei gamle hadde «sine ord i behøll».

Men i dag er målet Tuddal Museumslag sette seg, på det næraste nådd.

No står dei gamle bygnader frå dei ymse grender samla her i ærverdig ro. –Som dei kan puste ut og sjå fram mot eit fredeleg og vel fortent otium.

(...)

Det samla seg ein god del byggetilfang på Hagen, etterkvart. Meir eller mindre medfare av tida si tann, ettersom det leid unna. Dei usikre eigedomstilhøva frå fyrst av gjorde sitt til at planene vart utsett.

I 1961 kom arbeidet igang med at Flugon-eldhuset som det fyrste huset vart tomte og oppsett.

Litt seinare, i 1961-62 kom dei igang med Reisjå-stogua og i -65 med Høgstrud-stogua. Arbeidet vart utført av tømmermenn frå bygda.

Som sakkunnig hjelp kom konservator Halvor Landsverk tilstades i 1962-63 og -64 og drog upp dei vanlege strenge retningsliner som gjeld reisinga av eit bygdemuseum.

– Alt gamal som er og kan nyttast skal brukast.

Istadenfor det som manglar skal ein ta mønster frå liknande gamle hus, t.d. Sud-Solheimstugo, og lage tingen etter det. Råte skal skiftast ut, spiker sagast over med beaufil, merkinga skal gjerast med fargekrit som kan vaskast av, nye vindaugo nøyaktig ettergjorde og i stil med dei gamle. Dørstokkane i same høgd som før og høgd millom golv og himling sameleis, o.s.b. Ein del av det utførte arbeid måtte etter dette takast om att for å få det i pakt med forskriftene.

Etter melding frå styremøte 12/10-63 har byggmester Olav Haukås lova å sjå til at det mest påkravde blir sett istand etter konservator Landsverks innstruksar og arbeidsprogram. Han har sidan stått for mykje av byggearbeidet.

Det vart pålagt å nytte bygdas eigen arbeidskraft so langt det er råd. Og dette er gjort. Både av Haukås og ellest har andre tømmermenn frå bygda sett istand fleire av uthusa etter oppdregne liner. Og det er gjort godt arbeid.

No er det meste av husebyggna den frå seg gjort. Veggene er beisa i gyllenbrunt. Dei fleste av husa har torvtak, men t.d. Solheim-stalden er tekt med gvåv.

Stalden, buret, låven (her måtte det leggst inn fleire nye gvarv), fjøset og badstoget er reist sist i 60-åra og no i 70-åra. Loftet som det siste i -75. Det er ellest ikkje radt ferdig.



Att er Hogstulfjoset, når det kjem.
Då må vel Runningsfjoset vike plass
og bli flutt lengere vest, på tomte-
grunn dei har fått av Bøen. Då som
såmårsfjos, samen med stulssælet

frå Solheimslie som heller ikkje er
uppatt sett.

I det her hitførde har bygdefolk synt
stor hjelpsemd og vore gode å be på.

Kontingent 2020

Saman med dette bladet sender vi ut bankgiro for kontingenten 2020.


Medlemskontingenten er 300 kroner. Om aktiviteten er begrensa i år, vil vi
halde fram med rimelege arrangement. Årboka regnar vi med å få ut gratis
for medlemmene som vanleg.

Sidan det er medlemskontingenten som betaler mykje av årboka, ser vi
gjærne at de hjelper til med å verve nye medlemmer. Tenk særleg på familie
og kjenningar utanbygds!

Facebook og datahjelp

Vi minner om historielagets facebookside: facebook.com/hjartdalhistorielag
Her kan du finne bilde, arrangementsmeldingar og innlegg av mange slag.

Ofte viser vi til interessant stoff på internett. Vi veit sjølvsaft at ikkje alle er i
stand til å finne ut av dette, derfor må ein ikkje vere redd for å spørje venner
og kjente om hjelp. Ein kan også kontakte frivillighetssentralen om hjelp til
dette.



HJARTDAL HISTORIELAG

Leiar: Svein Bakkalia, Sjøtmovegen 24, 3692 Sauland

Tlf.: 97535468 svein.bakkalia@online.no

Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje

Tlf.: 48237883 skoje@online.no

<http://www.hjartdalhistorielag.no>

Hjartdalbanken 2699 07 04332

Bladet blir sendt alle medlemmer

Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgje kjelde

Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet